



Kart utarbeida av Ø. Slidre kommune

KILOMETRES 1 0 2 4 6 8 10 12 14 16 KILOMETRES

Velkommen til Hundeløypa i Øystre Slidre

I Øystre Slidre kommune er det om lag 12 mil med godkjent hundeløype, frå Fullsennlie i sør til Valdresflya i nord. Løypene blir hovudsakleg brøytt med hundespenn, men traseen vil også bli preparert med snøscooter etter store snøfall. For oppdatert løypestatus, kart og GPS-logg sjå Valdres trekkhund klubb facebookside.

Hundevett på hundeløypa

- Plukk opp hundesokker, halm og søppel og ta med til nærmaste konteinar.
- Ha kontroll på hundane, hugs hundespenn kan komme raskt og lydløyst.
- Sett deg inn i bandtvangsreglane, det er mykje tamrein i Øystre Slidre

- Hundeløypa går i stor grad på transportløyper – vis omsyn til leigekjørerarar med snøskuterlass.

- Ved bruk av dei opne buene tilhøyrande Fjellstyret krevjast det at hundespenn stillas opp i god avstand frå hyttene for å unngå problem med lukt og forsøpling.

Merking - stikking av hundeløypene

Hundeløypa blir merka med naturstikk samt bambusstikk med refleks og rosa hundekjøringsmerke med jevne mellomrom. Det blir også satt ut hundeløypeskilt i enkelte løypekryss/startpunkt.

Kommunal forskrift om hundehald

Kommunen har vedtatt forskrift om hundehald (FOR2007-06-21-920) og i § 5 står det:
Hundehaldar har plikt til straks å fjerne ekskrement

som hunden etterlet seg på veg, fortau, gangveg, skiløype, park, bru, brygge, strand, annan manns hage, eller offentlig stad som blir brukt av allmenta.
Det er utarbeida eigen info om bandtvang i preparerte skiløyper.

Kontaktinfo

For meir info kontakt Valdres trekkhundklubb på epost: Valdrestrekkhundklubb@gmail.com eller vår facebookside: <https://www.facebook.com/groups/172945082808383>. Meir info om regelverk m.m. får ein ved å kontakte Ø.Slidre kommune tlf. 61352500, evt. epost post@oystre-slidre.kommune.no/ heimeside www.oystre-slidre.kommune.no

God tur!